

Vartdal Plastindustri AS med underliggende selskap er svært opptekne av service, miljø, tryggleik, god kompetanse og gode haldningar blant sine medarbeidarar.

Vi ynskjer:

- ✓ Å vere ein påliteleg, ærleg og truverdig samarbeidspartnar – alle tilsette må vere merksame på at dei er representantar for bedrifta og må handle i tråd med dette ønsket.
- ✓ At våre tilsette skal følgje dei lover, reglar og instruksar som til ei kvar tid gjeld i og for vår bedrift.
- ✓ At alle tilsette er opne, viser respekt for og er inkluderande i høve kvarandre på tvers av ulik bakgrunn, nasjonalitet, kultur eller skikkar.
- ✓ Å tilby eit opent, positivt og støttande arbeidsfellesskap. Vi må formidle meiningar og ta opp ueinigheiter på ein respektfull og løysingsorientert måte.
- ✓ Å støtte muligheiter for personleg utvikling og opplæring.
- ✓ Å gi ros for prestasjonar og oppmuntre til hardt, godt og meningsfullt arbeid.
- ✓ Rettferdige forhold for alle tilsette.
- ✓ Å ha eit godt internkontrollsystem som syter for helse, miljø og tryggleik for alle tilsette.
- ✓ Å vere ei bedrift som tek ein aktiv og støttande del i lokalsamfunnet.

Vi som bedrift har eit ynskje om ein bedriftskultur som er open og god med mulegheit for hjelp og vegleing dersom det er noko ein reagerer på.

Ved brot på desse retningslinjene, interne reglar og rutinar, arbeidsmiljølova eller du er misnøgd med andre forhold, har du eit ansvar for å ta det opp. Sanksjonar eller negative reaksjonar mot nokon som varslar om eit problem er strengt forbode. Alle har plikt og rett til å varsle.